



Advokatfirmaet Vikse AS
Postboks 95
3101 TØNSBERG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/668 - 20/9305

Saksbehandlar:
Morten Mangerøy Helland
morten.mangeroy.helland@alver.kommune.no

Dato:
20.02.2020

Løyve til seksjonering gbnr 108/624

Bakgrunn for saken:

Advokatfirmaet Vikse AS har på vegne av heimelshavar, Byggmester hitland AS, søkt om oppdeling av egedomen gbnr. 108/624 i ei bustadsameiga beståande av 4 bustadseksjonar. Det er søkt om og gitt løyve til oppføring av ein firemannsbustad på egedomen. Kvar bueining på egedomen skal etter seksjoneringa utgjere ein eigen bustadseksjon i bustadsameiga. Kvar av seksjonane vil ha eigne bodar med tilgang over felles uteareal. Kvar seksjon vil ha eksklusivt tilleggsareal i grunn i form av ein parkeringsplass per seksjon. Det er søkt om oppmålingsforretning for tilleggsareal i grunn.

Vedtak:

I medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar, vert oppdeling av gbnr. 108/624 i 4 eigarseksjonar godkjent slik det er søkt om- Seksjonane får fylgjande sameigebrøk, føremål og tilleggsareal:

Seksjonsnr.	Sameigebrøk	Føremål	Tilleggsareal
1	783/2891	Bustad	BG
2	663/2891	Bustad	BG
3	781/2891	Bustad	BG
4	664/2891	Bustad	BG

Alver kommune

Saksutredning:

Bygningen:

J.f situasjonsplan og planteikningar, er det ein firemannsbustad i to etasjar med to bueiningar i 1. etasje og to bueiningar i 2. etasje. Alle bueiningane har eigen inngang frå felles uteareal. Kvar seksjon har tilgang til nødvendige funksjonar frå eige areal eller felles uteareal.

Oppmålingsforretning:

Oppmålingsforretning for tilleggsareal i grunn er gjennomført som ei kontorforretning. Det var i søknaden spesifisert at søkar ønskja forretninga gjennomført som ei kontorforretning. Landmålar i saka finn at dokumentasjonen som er sendt inn er tilstrekkelig til å kunne gjennomføre saka som ei kontorforretning. Det er nytta koordinatar som vart sendt kommunen i seksjoneringsøknaden ved oppretting av tilleggsareala.

Faktiske opplysninger:

Søknad om seksjonering er innsendt til kommunen og har følgjande vedlegg:

- Situasjonskart som viser avgrensing for eigedomen og koordinatar for eksklusivt tilleggsareal i grunn
- Planteikningar som viser seksjonsinndeling
- Vedtekter for sameige
- Rekvisisjon av oppmålingsforretning
- Kopi av igangsettelsestillatelse

Vurderinger:

Kommunen finn at seksjoneringsøknaden både samla og for dei enkelte seksjonane oppfyller krava i lov om eigarseksjonar, og tilrår å godkjenne seksjonering slik omsøkt.

Vidare saksgang:

Vedtaket vert sendt rekvirent med rett til klage jf. Forvaltningslova. Saka vert matrikkelført og faktura for sakshandsamning og tinglysing vert sendt heimelshavar. Saksdokument saman med melding til tinglysing vert sendt kartverket når klagefristen på 3 veker er ute. Ved retur av tinglyst dokument frå kartverket, vert matrikelbrev for eigedomen etter seksjonering saman med saksdokumenta sendt rekvirent.

Klage:

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegerert mynde, jf Kommuneloven §23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl, §27b.

Gebyr:

Heimelshavar ber kostnad med sakshandsamingsgebyr for seksjoneringssaka etter gjeldande regulativ og dekker kostnad knytt til tinglysing av saka.

Med helsing

Tommy Veland
Avdelingsleiar
Kart og oppmåling

Morten Mangerøy Helland
rådgjevar
Kart og oppmåling

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Seksjoneringsteikningar
Søknad om seksjonering
Vedtekter for sameige
Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

Kopi til:

Byggmester Hitland AS

Midtunheia 2

5224

NESTTUN

Mottakarar:

Advokatfirmaet Vikse AS

Postboks 95

3101

TØNSBERG